

VIKING

Tidsskrift for
norrøn arkeologi

Bind XXVII

OSLO 1964

UTGITT AV
NORSK ARKEOLOGISK SELSKAP

Aslak Liestøl

RUNER FRÅ BRYGGEN

For tida kjenner vi omtrent 1000 innskrifter med yngre runer her i Noreg. D. v. s. innskrifter som er skrivne i vikingtid eller mellomalder. Men før gravingane på Bryggen vart sette i gang rekna vi ikkje med meir enn ca. 600. Det er no så at meir enn kvar tredje innskrift i Noreg er funnen på Bryggen; og dei ca. 400 innskr. er eit eineståande viktig materiale, ikkje berre fordi det er stort, men fordi det er så variert med omsyn til innhald og fordi det er komi fram ved systematisk graving, slik at ein har høve til å slutte seg til miljøet dei høyrer heime i, og ikkje minst få ei nokså nøyaktig og fingradert datering. Dette er viktig fordi ein då har sjansen til å få ein tolleg breid representasjon innan temmeleg snevre tidsgrenser av skrivekunne, tankar og førestellingar blant vanleg folk i Bergen i mellomalderen. Kvar innskrift som let seg tolke representerer eit lite glimt inn i folkelivet, og ein breid analyse av dette materialet burde kunne gje eit tilskot til kulturhistoria som ein ikkje kan vente å finne i det vanlege tilfanget historikarane arbeider med, sagaer, skaldekvad, diplom, lover, rekneskapar o.s.v.

Ein slik breid analyse må ein ikkje vente å finne i denne artikkelen. Dette er berre ei førebels melding. Ei melding som kjem fordi eg tykkjer dei viktigaste innskriftene bør bli kjende for granskarar og andre interesserte. Det kan drøye eit bel før ei endeleg publisering kan gjerast ferdig, og her kjem òg inn vanskelege arkeologiske analyser, som skal gi grunnlaget for miljøteikninga og dateringane. Dei dateringane som blir gitt her må reknast som førebels og kan koma til å bli justert; det er likevel ikkje venta at det kan bli store endringar.

No er det så at det runemateriale ein kan bruke i ein slik kulturhistorisk analyse ikkje er så stort som det kan sjå ut til, for det er ikkje alle innskrifter ein kan få noko ut av. Snaut halvparten er forståelege utan vidare. I mange innskrifter kan vi lesa forståeleg ord, men tekstene er så ille medfarne og fragmentariske at vi ikkje kan få noka meining i dei. Nokre innskrifter kan vera tolleg lette å lesa, men dei har runesamansettingar som er uforståelege for oss, endå dei er tydelege. Andre er tydelege å lesa, men ortografien sviktar, slik at vi vanskeleg kan få noko heilt ut av teksta.

Innhaldet i dei innskriftene som ein kan forstå er variert, og spenner frå praktisk bruk i dagleglivet på Bryggen til svart magi, frå den inderlegaste kristne bøn til den grovaste obscönitet. Og på mange, til dels artige måtar får dei menneska bak oldsakene og bygningsrestene noko meir fram i lyset.

Dei aller fleste innskrifter finst på tre-saker, men dei slumpar òg til å stå på andre ting som sko, knivskaft, skeier og tilfeldige suppebein som er fiska opp av kjøtgrytene; til og med på keramikkrucker finn vi runer.

Tresakene med runer omfatter trestykke med tilfeldig form og pinnar som er spikka til spesielt med det formålet å skrive runer på dei. Runene kan òg stå på matkoppar, drikkekar og borddiskar.

Det er ikkje uvanleg at eigaren har skrivi namnet sitt og kanskje uttrykkeleg sagt frå at han eig tingen. Ved graving i fleire av dei gamle norske byane er det funni utskorne kvalrosskallar, og ein slik er òg komen fram på Bryggen. Den har ei lita innskrift som fortel at **ioana**¹⁾, *Jóhann á*, «Johan eig». (Fig. 1). Liknande innskrifter har vi mange av i Bergens-materialet. Dei fleste eigneluter var verde å sikre mot forbyting og stuld på denne måten. Og vi finn namn og eigarformlar på ymse bruksting, mellom andre eit treskaft til ein jernlykel og ei beinskei. Men dei vanlegaste innskriftene av denne typen er likevel dei vi med eit moderne namn kunne kalle merkelappar. Dei står på små trepinnar av nokså varierende type. Somme er meinte til å binde fast på forskjellig vis,

og er anten forsynte med hol eller med ein hals der snøret kunne festast. Andre er meinte til å stikke fast i eit vareparti, t. d. fisk, kjøt eller sekker. Dei er då ofte forma omlag som ein pilodd, gjerne med mothakar, som no oftast er avbrotne, sannsynlegvis då dei vart fjerna. Sams for alle er innskriftene som rett og slett fortel kven som er eigar. Der les ein då at «Arne eig», «Torlak eig» o.s.v. Vi kjenner hittil ca. 80 slike 'merkelappar'. (Fig. 2.)

Dei aller fleste har, som ventande var, norske namn, men det finst òg utanlandske, som dei tyske *Heinrik* og *Didrik*, og ein *Bótleifr* som vel kan vera gotlending. Han bruker nokre uvanlege runer, og namna på *Bót-* er meir brukte austover og best kjende på Gotland.²⁾ Han representerer då dette innslaget i handelen på Bryggen. Som regel fortel runene ikkje anna enn namnet på eigaren. Og berre to merkelappar gir opplysning om vareslagen. I båe tilfelle gjeld det merkeleg nok garn. Den eine seier at **rannra: karn: þætta**, *Ragnarr á garn þetta*, «Ragnar eig dette garn». Den andre fortel at **souækapþræþrþisa**, (*Solveig?*) *á þræðr þessa* «Solveig (?) eig desse trådane», og på baksida av denne pinnen får vi dessutan vita at trådane veg **hof: fimtamark**, «halv-femte mark», $4\frac{1}{2}$ mark eller nær eit kilo.

Merkelappane er handgripelege minne om handelen og varebyttet på Bryggen, men vi har òg større innskrifter som gjeld pengetransaksjonar og handel. Ei av innskriftene viser oss oppgjeret etter at tre uteståande fordringar er kravde inn. Vi kan tenke oss at ein kreditor har sendt oppkrevjaren sin – han har fått pengane og har skrivi ned på ein firkanta pinne kva han har fått av dei tre mennene. Pinnen har han så levert saman med pengane til oppdragsgivaren, som så har kvittert for summane. På pinnen står: **k barþr trauan haluan anan øyri hein rekr tuær ærtogar brek i** (opp ned: **uihi**) / **ingimundr sauþr halfa þriþiu ærtog** (opp ned **uihi**).

Dette forstår eg slik:

Bárðr: trauðan halfan annan eyri. Heinrekr: tvær ertogar brek í. Ingimundr sauðr: halfa þriðju ertog. Det vil seia at Bárð har betalt $1\frac{1}{2}$ øyre, men at



Fig. 1. Kvalrosskalle med eigarinnskrift.

Skull of walrus with owner's name.

det var noko snau vekt. Henrik, tyskeren, har betalt 2 ertogar, men visstnok med ringt sølv, noko som ikkje var uvanleg i mellomalderen. Inge-mund sau derimot har betalt fullt ut sine $2\frac{1}{2}$ ertog. Oppdragsgivaren har kvittert med å skrive ordet *uihi* ut for kvar sum.³⁾ Dette er truleg noko misforstått latin *vidi*, «eg har sett». Fyrste bokstaven i det ordet, enkelt-v, bruker vi enno ved revisjon av rekneskapar når vi «hakar» av summene.⁴⁾ Uttrykket *brek í*, er truleg parallellt med *flærð í* og *fals í*, som blir brukt til å gi uttrykk for mistru til at ein ting er ekte. Samanlagt blir dei tre summene lik 9 ertogar, eller 3 øyrar, ein vanleg bøtesum i den eldre Bjarkøyretten; men dette er vel eit tilfeldig samantreff.




Fig. 2. Eit utval av «merkelappar».
A selection of "labels".

Ein annan pinne, som er avbroten, viser eit notat over kreditorar og gjeld: **halluarþe sloþa þrim r? - - - / loþni faus haluan niunnda æyri ok h?** - - - Her får vi mellom anna greie på at *Loðinn faus* har til gode heile $8\frac{1}{2}$ øyre, altså vel ei mark. Det er ingen liten sum, kanskje kunne det kjøpast 2 kyr for han.

Ved sida av desse innskriftene som gjeld pengeoppgjær, har vi òg det ein kunne kalle ein følgjesetel. Det er ein liten pinne som fortel at: **þorkællmyntæresenterþerpipar** «Torkjell myntslagar sender deg pepper». Ein myntslagar med det namnet kjenner vi ikkje frå før.

Eit lite brotstykke viser, ikkje private transaksjonar, men truleg offentleg skatteoppkrevjing. Vi skulle gjerne hatt heile innskrifta her, men det er diverre berre slutten som er att, pinnen er avbroten. Der står: - - **mankerþ tueir øurar / - - n kerþ tueir øurar.** - - *manngerð tveir aurar.* Summen det gjeld er altså 2 øyrar og det er tale om ei *manngerd*, d.v.s. ei samling gardar, som opphavleg skulle ruste ut ein mann til leidangen, men som seinare gjekk saman om ein bestemt sum i skatt. Det er synd vi ikkje har resten av innskrifta, så vi kunne vita kva for gardar det var som måtte ut med dei to øyrane.

Ein ville ikkje vente noko særleg i dette materialet av opplysningar om offentleg styre og stell, slikt som vi elles kjenner frå skrivne kjelder på pergament. Men det er tydeleg at runene ikkje berre har vori brukte til smånotat, ein har òg kunna skrive heile brev på denne måten, og runepinnen, eller runekjevlet som det vel vart kalla den gongen, har nok kunna konkurrere med det atskillig meir kostbare pergamentet når det galt vanleg brevveksling.

Vi har tre slike brev i Bergens-materialet. Det eine er rett nok ufullført, men vi får då greie på kven som skulle vera avsendar og kven mottakar. Brevet har den same innleiingsformelen som vi kjenner frå pergamentsbrev, og byrjar slik:

sira:ion sendir:gunnari:huit:kuiþiu guþsok/sina hakonn

Síra Jón sendir Gunnari hvít kveðju Guðs ok sína. Hákon – «Sira Jon sender

Guds og si helsing til Gunnar Kvit». Namnet Håkon skulle vel vera byrjingsordet i sjølve teksta. Innskrifta skriv seg frå fyrste delen av 1300-talet og vi kjenner på den tid ein Gunnar Kvit som var fehirde i Bergen frå 1340 til 1343. Prestar med det vanlege namnet Jon er det så mange av at vi ikkje kan vita kven det var i dette tilfellet. Den Håkon som brevet skulle handle om kunne kanskje vera den aktive biskop Håkon i Bergen.

Omlag hundre år tidlegare har det vori sendt eit personleg brev med gode råd til ein eller annan som ikkje er namngitt (Fig. 3).

Innskrifta lyder slik:

pes: uil. ek. biþia: þik: atu: far / or: þema: pol: oke: snid: rit: til: s / ystur: olaus: hætusæins: h / on: er: i: biaruin: atn: unu: setri / oklæita: ras: uiþ: hana: ok / uiþ: prǫnbr: þinaerþu: uil / dir: sætas: æki: atu: sansni: / iarls: atu: kena: nu. bætu. /

Þess vil ek biðja þik, at þú far ór þeima poll, ok snið rit til systur Ólafs Hettusveins – Hón er í Bjargvin at numnusetri – ok leita ráðs við hana ok við frændr þína, er þú vildir sættask – Eigi átt þú sannsýni jarls. – – –

Her har eg lesi *poll*, *ok*, medan ein faktisk også kan lesa *poloti* som kanskje kunne tyde slott, palass. **prǫnbr** kan eg ikkje forstå annleis enn som *frændr*, men skrivemåten er underleg. Tolkinga av **sansni** som *sannsýni* er usikker. Elles kan ein merke seg dei tre imperativane *far*, *snið* og *leita* i ei at-setning.⁵⁾

«Det vil eg be deg om at du fer frå denne pollen og skjer eit runebrev til Olav Hettusveins syster. Ho er i nonneklostret i Bergen. Spør henne og frendene dine til råds dersom du vil gå til forlik. Ikkje har du slik rettferdskjensle som jarlen, – –». Resten av teksta er ikkje tolka og har vel dessuten haldi fram på ei anna treplate. Innskrifta står nemleg på bae sider av ei såkalla vokstavle,⁶⁾ og vi kan godt tenke oss fleire slike tavler. Det er ille at vi ikkje veit kven det er som gir desse gode råda eller kven som burde ta omsyn til dei. Det einaste vi veit er at nonna må vera syster til ein som var med i opprørsflokket til Olav Ugjæva, dei som fekk tilnamnet *hettusveinar*. Men tonen i brevet er kjend og kunne ha




Fig. 3. Den eine sida av vokstavla, med fyrste halvpart av brevet.

Wooden frame for wax-tablet, with runes.

stått som replikk i ein saga. Forsåvidt kan det godt hende at brevet gjeld ein eller annan i den vrimmelen av personar vi kjenner frå borgarkrigstida. Kva for ein jarl det er tale om her, veit vi ikkje. Innskrifta skriv seg frå tida omkring 1200 eller noko etter, og fleire kunne då koma på tale, t. d. Skule Bårdsson som bar jarlsnamn frå 1217.

Det er eit underleg materiale skrivaren har valt for dette brevet, og eg kan ikkje fri meg frå den tanken at vi kan ha for oss eit hemmeleg brev. Alle runene er skrivne innafor den litt høgare ramma som skulle verne det blaute vokssjiktet når fleire tavler vart lagde saman. Ein kunne tenke seg at det her var fari fram på same måten som kartagaren Hasdrubal gjorde: den eigentlege teksta, som var skriven direkte på treplata, vart overtrekt med voks og så vart eit brev med heilt uskyldig innhald skrivi med nål i voksen.

Det tredje brevet gjeld den vanlege mann i gata. Vi er nede på folkedjupet igjen mellom handelsmennene på Bryggen, etter dei gode tidene




Fig. 4. Runekjevle med forretningsbrev.

Rune-stick with business letter.

under 1200-talet. Nokre menn har gått saman i eit felag og driv handel på Bryggen. Ein av dei er sønnafor Bergen og skal skaffe eit parti fisk og øl, men det er dårlege tider og han skriv dette brevet til ein av kompanjongane sine i Bergen (Fig. 4):

hau:grimi:felag:sinum:sen:dir:þorer:fagr:qæip:iu:gups:ok:si:nan:san:nan:flaskap:okuinatomartskorter / mikfelag eki:er.mun:gatetæin:ki:fis:kar:nir:uil:ek:at:þu·uitir:en:ægi:kræf / þubiþ:bondann koma supr till uar ok siahutosliþr egga hantil en kræf þu eis kis luta mero-kægilapu / þostæin lankuita senmerhazkanokora eu:sigriþþæru nokos þabiophenni hiit þumerekkiuetahypualapi

Hafgrími, félagi sínum, sendir þórir fagr kveðju Guðs ok sína, sannan félagskap ok vináttu. Mart skortir mik félagi. Ekki er munngáttit, einki fiskarnir. Vil ek at þú vitir, en eigi kref þú. Bíð bondann koma súðr til vár ok sjá hvað oss líðr. Eggja hann til; en kref þú einskis hluta mér; ok eigi lát þú Þorstein lang vita. Send mér hanzka nøkkurra. Ef Sigrið þarf nøkkurs på bjóð henni. Heit þú mér ekki vætta - - -

«Til Havgrim felagen sin sender Tore Fager Guds og si helsing, sann felagskap og venskap. For meg skortar det mykje i felaget. Ikkje har eg fått tak i ølet, heller ikkje fiskane. Eg vil at du skal vita det og ikkje krevja meg. Bed bonden koma sør til oss, for å sjå korleis vi har det. Egg han til det; og krev meg ikkje for nokon ting; og lat ikkje Torstein lang vita. Send meg nokre hanskar. Dersom Sigrid ikkje har det ho treng, så bed henne til deg. Lov du meg ikkje noko - - -» Resten er ikkje sikkert tolka.

Det har ikkje vori greit for Tore fager å skrive dette brevet, han har hatt store vanskar med å få det til. Då han var ferdig med innleiinga, som vi kjenner att frå sira Jons brev, var det vondt for han å forme dette att handelen har gått skitt. Han skreiv noko, var ikkje fornøgd med det, og strauk det ut; det vil seia han spikka det bort og skreiv på nytt att. Dette måtte han gjera to gonger før han let det stå. Vi ser

hakk etter «raderingar» like etter **mart** og **felag**. Etter **suþr** er det og «viska» litt. – Tore vonar at «bonden» skal kunna ordne opp i sakene, – det er vel handelsmannen sjølv, og han har han tiltru til. Men det er ein mann, Torstein lang, som kan bli vanskeleg dersom han får greie på elendigheta, så han må haldast utanfor. Tore er òg uroleg for slektningen sin (?) Sigríð. Det er i det heile eit trist lite brev, som godt illustrerer nedgangstidene for dei norske handelsinteressene på Bryggen omkring 1300. Men midt oppi det heile kjem, nokså malplassert tykkjer vi, ei bestilling på eit par hanskar.


Dei innskriftene vi no har høyrte om er alle heilt nøkterne, men folk på Bryggen hadde i dei tider ikkje berre handel i tankane. Heile livet var innvovi med førestellingar om vette og løynde makter som dei laut ta omsyn til i alt dei gjorde. Dei måtte verne seg mot slikt, men dei kunne òg dra nytte av dei overnaturlige maktene dersom dei visste korleis dei skulle fara fram.

Ei av dei beste rådene ein kunne bruke var runene. Og svært alminneleg kjent i så måte må *fuparken* ha vori.⁷⁾ Det er runealfabetet som har fått dette namnet etter dei fyrste fem runene. På samme måte som det latinske alfabetet var brukt i magien i heile Europa, har *fuparken* vori vanleg magisk middel i Norden heilt frå dei eldste innskrifter, for vel halvtanna tusen år sidan, og fram til runene gjekk av bruk på slutten av mellomalderen.

I Bergensmaterialet finst det omlag 50 innskrifter som inneheld *fuparken* ein eller fleire gonger. *Fuparken* kunne verne mot vondt eller han kunne hjelpe til at eit ynskje gjekk i oppfylling.

Ein unggut har satsa på det og har skrivi *fuparken* på den eine sida av ein pinne; på den andre sida gav han uttrykk for kva han ville. Han har ikkje vori så svært kravstor. Her står: **ost:min:kis:mik / fupork-nniastbmly**, *óst min, kyss mik* «Min kjære, kyss meg.»

Elles er *fuparken* helst brukt som vernande tiltak mot ulykker og trollskap og vonde vette. Han finst t. d. på pinnar saman med rekker av



namn, og dei må vel då oppfattast som ein slags felles-amulettar for reisefølgje eller skipsmannskap.

Med grunnlag i fuþarken kunne ein skrive siffer-skrift, kvistruner. Prinsippet er enkelt. Fuþarken er frå gamalt delt i tre *ætter*:

fuþark hñias tðmly

Kvar rune kunne då merkjast ut ved den *ætta* ho hørde til og ved *plassnummeret* innan ætta. For å gjera det vanskeleg var ættene nummerert i omvendt rekkefølgje. Runa *r* er i dette systemet karakterisert ved *trejde* ætt – *femte* rune: 35. Dette talsymbolet kunne skrivast på tallause måtar. I dei vanlege kvistrunene med tre kvister til venstre for staven og fem kvister til høgre. Som døme kan vi sjå på ein særleg forseggjort amulett.

Her står:

**mikæl : petr. ioanes. andres. lafranz. tomas. olafr.
klemet. nikulas. allerhælger / mengiætimin. notouk.
dah. lfsminsouk. salokupsemikoksihni / 36 32 33 36
23 31 23 34 s 13 15 35 34 36 36 24 31 34 13 24 35 i 23 /
h??lbemer 36 14 23 13 ethialbemrallengzhilkarh???**

Teksta byrjar med ei påkalling av ni namngitte helgnar: Mikael, Peter, Johannes, Andreas, Lavrans (Laurentius), Thomas, Olav, Klemet (Clemens) og Nikolas. Så følgjer: *Allir helgir menn, gæti mín nótt ok dag, lifs míns ok sálu. Guð sé mik ok signi.* «Alle heilage menn pass godt på meg, natt og dag, livet mitt

Fig. 5. Amulett med kvistruner.

Amulet with cryptic runes.




Fig. 6. Dei 4 fyrste bokstavane i helgennamnet Klemet skrivne med kvistruner.

Cryptic runes.

(lekamen min) og sjela mi. Gud sjå til meg og signe meg». Kvistrunene som følgjer er alle tydelege, likevel er det berre byrjinga av denne teksta eg kan få meining i: **kupkifios** . . . *Guð gefi oss* . . . «Gud gje oss». Siste delen av innskrifta er noko ufullstendig skriven, men har ei spesiell påkalling av Klemet: *hjálpí mér Klemet, hjalpí mer allir Guðs helgir (menn)*. «Hjelpe meg Klemet, hjelpe meg alle Guds heilage menn». På denne pinnen har vi døme på fire forskjellige kvistrunetyper: i form av fisk, som dobbelt-p (belgþorn), med skråkvister, (Fig. 5), og som ein menneskefigur med kvistene hangande under armene (Fig. 6). Attåt siffer-skrifta kan ein òg merke seg at *h*-runa etter Klemet i siste lina er skriven




Fig. 7. *Sjóurrúnar*, ein eigen type kvistruner.

Cryptic runes.

3-dobbelt, noko som tyder på at * har vori sett på som eit Kristus-monogram.

På ein annan pinne finn vi nokre festlege kvistruner, eller *sjónrúnar* «fjesruner» som dei vel vart kalla, der kvistene er skjeggstrå fordelte på høgre og venstre side av andletsmasker. Pinnen er diverre avbroten, men det vi har att kan truleg lesast: --- *sem lifi sínu* «--- som livet ditt» (Fig. 7).

- o Liknande sjónruner finn vi på ei flat flis med mange underlege kunster på. Det er ikkje lett å få meining i teikna. Nokre fisketeikn må ein t. d. lesa *arii*, og det same les vi i nokre kvistruner av ein annan type på den andre sida av flisa. Her finst dessutan det vi kallar samstavruner. Det er ein lang sams stav, og kvistene står fordelt på den. I dette tilfelle er det kanhende namnet *þorðr* som skulle skrivast, men kvistene kjem ikkje i noka logisk rekkefølge. På same sida er ei mengd med stikk av knivsodden ordna i rekker og grupper. Vi veit ikkje kva dette skal vera til, men langs øvre kanten er noko vi kan forstå. Her er grupper av enkle strekar skilde med små stikk. Noko er borte i byrjinga, men det er nok att til å vise at her har vori grupper på 1 2 3 4 5 6 7 og 8 strekar. Til høgre for desse er ei rekke på 9 punkt, dei tre siste stukne med knivsbladet snudd den andre vegen, og etter dette kjem runene: **ætþffssantætþf** ---, *einn tveir þrír fjórir fimm sex sjau átta níu tíu ellifu tólf þrettán fjórtán* ----- . Kva denne teljinga skulle vera godt for veit vi ikkje, men kunster med tal var svært vanlege. Rekkja med fyrstebokstavane i talorda frå ein og oppover til tjuve kjenner vi frå to innskrifter til i Bergen, og frå ei i stavkyrkja i Gol. I magien var t. d. baklengs teljing ei vanleg råd for å få ting til å bli borte. Men det kan vel vera eit spørsmål om det på vår flis er tale om magi, det ser meir ut som ein demonstrasjon av skrive- og teljekunster.

Heilt sikker magi finn vi i ein variant av *-istil*-formelen: **mtþkrgb iiiiiiissssssttttttiiiillllll**. Her er sju «namn» bundne i ein formel, nemleg *mistil*, *tistil*, *pistil*, *kistil*, *ristil*, *gistil* og *bistil*. Denne formelen var kjend vidt omkring og går attende til heiden tid. På Gørlev-steinen på Sjælland

frå tidleg vikingtid, finn vi det fyrste dømet, **þmkiisssttiiiill** saman med fuþarken. Same formel møter vi på den noko yngre svenske Ledbergsteinen i Östergötland. Seinare møter vi han fleire gonger på stavkyrkjeveggene. Best kjend er kanskje den forma vi finn på slutten av *Buslubæn* i Bósa saga: **roþkmu iiiiii ssssss ttttt iiiiii llllll**. Etter det Busla sier i siste verset (det såkalla *Syrpuvers*) skal dette vera namna på tre farlege karar (*seggir*). Elles kjenner vi fleire meir eller mindre forvanska -istil-formlar. Denne formelen høyrer til ein type magi der det gjeld å gi dei vonde maktene vanskelege oppgåver å løyse, og der løysinga fører til kraftfulle trylleord. Det fyrste namnet *mistill* t. d. er misteltein som til alle tider har hatt ein breid plass i magien.⁸⁾ Kva formelen har vori brukt mot i vår innskrift er det uråd å seia noko om.

No er det ikkje berre svart magi vi har døme på. Tidlegare er nemnd ein kristeleg amulett, men det finst mange slike i Bergens-materialet, for det meste med latinsk tekst. *Ave Maria* er godt representert, *Pater Noster* finst ikkje fullt så ofte, men så er det ein del stutte eller fragmentariske tekster av varierende innhald; deriblant finn vi den kjende palindromen *sator arepo tenet opera rotas*. Her skal eg drøfte berre ei som inneheld ein formel til hjelp under vanskelege fødselar. Ho finst på ein firkanta pinne og ser slik ut: **maria peperit cristum elisabet peperit iohannem baptistam in illarum / ueneracione sis absoluta æcsi inkalue dominuste uacat ad lu**.

Den siste delen er forvanska, men er lett å restituere etter variantar vi kjenner frå mellomalderlege handskrifter.⁹⁾ I normalisert form blir då teksta:

Maria peperit Christum. Elisabet peperit Johannem Baptistam. In illarum veneratione sis absoluta! Exi, infans! Dominus te vocat ad lucem.

«Mari fødde Kristus. Elisabet fødde Johannes døyparen. Ver forløyst til ære for dei! Kom ut, barn! Herren kallar deg til lyset!»

Dette er jo ei vakker tekst og ho går attende til den tid då dei geistlege enno ikkje heldt seg for gode til å hjelpe når jordmødrene stod makteslause.



Fig. 8. Sidebein av storfe med runer.

Piece of bone (rib) with runes.

Dei magiske innskriftene som hittil er nemnde har stått på spesielle pinnar, på kva ein kan kalle amulettar. Men dei fleste magiske innskriftene finst på vanlege daglegdagse ting, og skulle vel då verne mat og drikke mot alt vondt. Under botnen av trekar, diskar og kanner har det til alle tider vori vanleg å skjera inn magiske teikn, og her finn vi så Ave Maria, fuparkare og liknande. Under botnen på ein kane, eller kjenge, som var meint til å ause øl med, står t. d. *fupor* skrivi med kvistruner.

Dette med ølet fører oss over til ei anna side av kvardagen enn den vi har tala om før. Ikkje arbeidet – lessing og lossing av varer, handel og kjøpslåing og økonomiske bekymringar, men fritid og moro.

Vanleg moro, den gong som no, var samkomene i skytningsstovene. Noko særleg oppbyggeleg moro var det visst ikkje; det var vel helst drikk, kvinnfolk og spetakkel. Men likevel må ein tenkje seg at det nettopp er eit slikt miljø dei kjem frå, somme av dei artigaste innskriftene, og dei som gir mest intime glimt av Bryggen i farne tider. Som ei scenetilvising kan eg nemne ei lita innskrift på eit suppebein (Fig. 8). Der står det: **nuerskøramykyl**, *Nu er skæra mikil*, «No er det stort ståk og strid». Med litt fantasi ser ein for seg den halvmørke skytningsstova med dei osande tranlampene, blanke flirande andlet, øldunst, fylleprat, og tretter og slagsmål av og til. Ei anna hand har på same beinet sett til noko som eg til no ikkje har fått noka meining i.




Fig. 9. «Ingebjørg elska meg då eg var i Stavanger».
 «Ingebjörg loved me when I was in Stavanger».

Vakre og attråverdige har alle kvinner sett ut for dei øre mennene. Ei av dei må ha fått eit nytt belte og det blir straks kommentert: **fanabæltiokbiazkupina**, *Fanabelti(t) jók bjartsku þína*. «Fanabeltet auka venleiken din». Noko 'fanabelte' kjenner vi ikkje frå før, men kan det vera ein viss type ettertrakta belte som helst vart laga i Fana?

På ein liten halvrund pinne står ei innskrift som det ikkje er godt å seia om ein skal oppfatte som skryt eller som ei åtvaring (Fig. 9): **.inkebiqrkunimerþaerekuarisþafakri**, *Ingibjörg unni mér þá er ek var í Stafangri*. «Ingebjørg elska meg då eg var i Stavanger».¹⁰⁾

Noko meir intim er innskrifta på ei lita fint spikka flis som ein kar vel har stukki bort i handa på den jenta han tykte best om: **silkauida.ek.minasempuest**, *Slíka vilda ek mína sem þú est*. «Slik som du er, ville eg gjerne at mi var».

Ein som kanhende gjerne ville skrive noko liknande fekk sendande inn til seg ein pinne frå ein bodberar. Og der får han greie på at: **gya:sæhir:atþu:kakhæim**, *Gyða segir at þú gakk heim*. «Gyda seier at du skal gå heim».¹¹⁾

Det er tydeleg at mannen har smakt godt på ølet før han vågar å skrive eit svar på same pinnen. Men det er så vrøvlete at i alle fall ikkje eg kan forstå det: **þansak:abakistan:rþis**.

Det kunne òg vera andre fàrar i dette miljøet. Ein kunne koma ut for hasardspel, og på ein pinne kan vi lesa resten av eit godt råd i så måte: . : . þui : at : af : dirþar : taf?e : ?ekar : mark : skona -- / --- elender alam : sæt(i)at : biþa. Dette forstår eg slik: *því at af dirfðar-taflí tekr margskonar* --- «For: av høgt (vågalt) terningspel kjem mangt slags ---» Det er mest som å høyre Faren i Kongespegelen seia til Sonen: «Framleis er det nokre ting som du skal fly og vara deg for, som spel (*tafl*), og skjøkjer og tretter og kast om pengar (*kast um viðlögur*), for på desse grunnvollane blir oppbygd dei største ulykker (*því at af þessum grundvøllum timbrask inar mestu höfuðúgæfur*).¹²) – Vår tekst kunne vi gi god meining om vi fylte ut med same ordet som Kongespegelen har: (*höfuð*)-*úgæfa*. Den andre lina er for fragmentarisk til å gi meining, men det er tale om ein Erlend og om det *at bjóða*, å by, her kanskje: by opp, satse pengar.

Til det same miljøet som Kongespegelen átvarar imot, høyrer kanskje denne innskrifta, endå ho tykkjest heilt uskuldig:

unþu mæR anþþær gunnildr kys mik / kanekþik.

*Unn þú mér,
ann ek þér
Gunnhildr.
Kyss mik
kann ek þik.*

«Elsk du meg, eg elskar deg. Gunnhild. Kyss meg, eg kjenner deg godt.»

Kva no enn tanken med dette verset var så var det i alle fall ikkje tenkt som offentleg lesnad. Det kan ein derimot seia om den neste innskrifta.

Det vart visst ikkje alltid servert fyrsteklasses vare etter det ein kan forstå av ei innskrift på eit auseskaft. Her står det:

mynta:ek:myklu:opdar miþ:ransti koma nala

Fyrste ordet etter siste skiljeteikn valdar vanskar. Andre runa, som må lesast som binderune **an**, trur eg lyt rettast til **o**, og neste teikn les eg som **st** endå det ikkje er heilt tydeleg. Vi får då fram ordet **rosti** som minner

oss om gno *hrostri* – roste, meiska malt. I denne innskriфта kan det vanskeleg vera dette ordet vi har for oss, vi skulle vente **rosta**. Dersom vi ikkje skal rekne med enno ein skrivefeil kan vi oppfatte **rostri** som dativ av ei elles ikkje kjend sideform **hrostr*. Det siste ordet i innskriфта: **nala** må vera ei stuttform av adverbet *nálíga* som tyder nær. Stuttforma er truleg vald av omsyn til metrum; innskriфта ser nemleg ut til å vera ein kvíðling, eit linepar, med *m* som rimbokstav, og då vil forma *nála* gi trokéísk utgang i verslina, slik det etter reglane skal vera. På den måten eg har forstått innskriфта, ser teksta slik ut i normalisert gno.

*Mynda ek myklu optar
mjød-hrostri koma nála*

«Måtte eg mykje oftare få koma i nærleiken av mjødvorteren (maltet)». Det er tydeleg at den som skreiv innskriфта meiner at ausa ikkje alt for ofte har vori brukt til godt øl eller mjød. Men tanken har i alle tilfelle inspirert han til å gi utsegna ei fast og tiltalande form.

Om tankane bak dei to neste innskriфтene eg skal nemne kan kallast inspirerande er meir enn tvilsamt, men i alle fall den eine har fått bundi form etter reglane for skaldskap. Ei av desse innskriфтene står på ein liten rund pinne; i enden av pinnen er eit flatt hovud, og på bae sider av dette hovudet står runene. Innskriфта lyder slik:

smípur:saarp:uiktisi / af:snæltu:benum

Det andre ordet her må vera pret. av verbet *serða* som Fritzner definerer slik: «Søge sin maskuline Kjønndrift tilfredsstillet ved legemlig Omgjængelse med et andet levende Væsen – især om Sodomiteri.» Det siste kan det ikkje vera tale om, for her gjeld det ein mann: *Smíðr* og ei kvinne *Vigdís*. Den siste delen av innskriфта er noko dunkel, men ein kunne kanskje forstå det som eit oppnamn eller eit tilnamn. Det rimelegaste var vel då å lesa: *af snældu-beinum*. Eit slikt ord er ikkje kjent i gno., men i nyare tid er det oppteikna av Hans Ross i Nordhordland. Der heiter det *sneldebein*, og Ross seier at det er det same som *hardbein* i Ryfylke og *bein* i Setesdal. Det skal vera ei «mindre Støtte under Sledens

'Rin', anbragt midt imellem 'Stavbandi'. Ordet **snældubeinn* kunne då ha vori brukt som tilnamn på same måte som t. d. *skøkull*, *keipr*, *stafn*, *meidr*. Namnet kan og vera overført på ein flokk, ei gruppe eller ei slekt. Uttrykket *af snældubeinum* kunne då vera parallellt med eit *af birkibeinum*.

Innhaldet av innskrifta blir etter dette ganske enkelt ei konstatering: *Smidr sarð Vigðisi af snældubeinum*. «Smed låg med Vigdis av sneldebeinane (sneldebeinsfolket)». Om språket i denne innskrifta kan ein merke seg svarabhakti-vokalen *u* i **smipur**. Dette er ikkje uventa i ei innskrift frå Bergen eller omlandet.¹³⁾

Den andre ufine innskrifta står på ein jamt tilspikka, flat, firkanta pinne. Ho er fordelt på dei to breidsidene. Det er ingen stad tvil om lese-måten, og innskrifta lyder:

felleg:er:fup:sin:bylli / fuporglbasm

Felleg må vera det same som *ferligr*, som tyder stygg, fæl, avskyeleg, vederstyggelig. Fritzner har ein god definisjon på det tilsvarende adverbet *ferliga*: «Paa en Maade som Afgiver sterkt fra hvad der er naturligt, takkeligt eller tilbørligt». I vår innskrift er *rl* assimilert til *ll*. Ordet **fup** må vera det same som *fu* i moderne norske dialekter, der det tyder den kvinnelege kjønnslem eller endetarmsopninga (*vulva* eller *anus*). I gammalnorsk er det ikkje kjent utanfor samansetningar, men har då tydinga *vulva*. Ordet *bylli* gir òg eit forståeleg ord dersom vi tenker oss ei assimilert form; *byrli* tyder ein *skjenkar*, *skjenkesvein*, den som ber og skjenker drikke. For å få meining i denne lina lyt vi så oppfatte *sin* som genitivs-merke, og tenke oss at vi her sikkert har det tidlegaste døme på den elles velkjende «garpe-genitiven», som er så utbreidd på Vestlandet i våre dagar. Innhaldet i denne lina, slik som eg oppfattar henne, blir temmeleg ufint: «Fæl er den som fører drikke til fua». Den andre lina i innskrifta ser ut til å vera ein forvanska *fupark*, men ein kunne vera freista til å tru at det var ein tanke bak forandringa av **k** til **g**, slik at ein kan lesa *fuðorg*, der *org* er fem. av adjektivet *argr* eller *ragr*, som mellom anna kan tyde sedlaus, homoseksuell osv., men resten av innskrifta gir ikkje noka meining.

Språkleg kan ein i denne innskrifta merke seg assimilasjonen, garpe-genitiven og den vantande nominativs-*r* i **felleg**. Ingen av desse skulle vel vera utenkande i siste halvdel av 1200-talet, som innskrifta kan daterast til etter funnomstende. Ein annan ting ein skal legge merke til er at fyrste lina er ei feilfri versline i *dróttkvætt* versemål. Stavrimet er bori av dei to *f*-ane (*stuðlar*) og vi har innrim (*skothending*) i fyrste staving i orda **felleg** og **bylli**. Neste line kunne ein så faktisk oppfatte som andrelina i ein kvidling med rimstaven i fyrste trykkunge staving. Innhaldet i ei slik line måtte då løyne seg bak t. d. avstytt skrivemåte.

Dróttkvætt er det versemålet som utan tvil er mest karakteristisk for skaldediktinga. Det er det som er mest vanleg brukt i lovprisingsdikt for kongar og stormenn. Vi kjenner då også mange døme på det i Bergensmaterialet, forutan det vesle tilløpet vi nettopp har sett på. Vi har to heile åttelina strofer, ein fullstendig halvstrofe og brotstykke av tre heile strofer. Dessutan har vi brotstykke av ein heil åttelina strofe i *hrynhent* versemål.

Drottkvætt-versemålet er innvikla og rigorøst, og eg skal prøve å forklare hovudtrekka i reglane ved hjelp av ein av dei fullstendig bevarte strofene frå Bergen. Denne innskrifta skriv seg frå 1330-åra og finst på ein rund pinne med eit lite handtak i den eine enden, den andre, smalare enden er avbroten. Pinnen minner mest av alt om ei miniatyr-år der bladet er avbroti. Her finst to liner med runer, ei stutt på 20 runer med ein eigarformel: **sigurþr amunda son a mik**, og ei lang på 148 runer med drottkvætt-strofen. Strofen er enno ikkje tolka og eg skal ikkje koma med nokon kommentar til innhaldet, då vi her ventar på tolkingsframlegg frå dei granskarane som har hug til å prøve seg på ei jomfrueleg tekst (jfr. Maal og Minne 1962 s. 98 ff). Derimot kan ein utan omsyn til innhaldet sjå på rima i alle fall i fyrste halvstrofe. Heile strofen står skriven i ei line på pinnen og ser slik ut:

**sæinterþatersuæinfandyntasilfrberh : i : molduærgapatsæhirhærmep
harrahæipmillz : i : giofræiþa : : hausærlauhatlöpelohryrandadyrumþes
uitisþipikþrioteþægnlæipumguzræipi**

Alitterasjonen, stavrimet, blir bori av to *studlar* i dei ulike linene og av ein *hofuðstafr* i dei like linene, den siste skulle alltid stå i fyrste trykktunge staving i lina. Som regel vekslar rimstaven frå linepar til linepar. Innan kvar line er det så innrim, *hendingar*, det vil seia stavingar med same konsonantgruppe etter vokalen. Dersom vokalane var forskjellige heitte det *skothending*, og slik skulle det vera i dei ulike linene; var vokalen den same heitte det *aðalhending*, og det skulle det helst vera i dei like linene. Den siste rimstavinga skulle stå i nest siste staving i kvar line, og den skulle vera trykktung. I det heile skulle rima alltid stå i dei trykktunge stavingane, og av dei skulle det vera tre av i kvar line. Av trykklette stavingar skulle det òg helst vera tre, men avvik frå den regelen er ikkje uvanlege. Mellom dei to halvstrofene var det som regel ei skarp syntaktisk grense, som i vår innskrift er merkt ut med eit dobbelt skiljeteikn. Den fyrste halvstrofen set eg opp her med alitterasjonen merkt ut med feite typer og innrima med kursiv:

s*einter*þatersuæinfandynta
silfrber*h*:i:molduærga
 þatsæhir**h**ærmep**h**arra
hæiþmillz:i:giofræiþa

Dei to rimstavingane i andre lina har sikkert vori uttala likt endå dei er skrivne forskjellige **erh-ærg**. Skilnaden på *e* og *æ* skal ein ikkje ta høgtideleg, og *g*-lyden har sikkert hatt ein spirantisk uttale som ein ofte i runer uttrykte med *h*.

For all skalde-dikting, ikkje berre for drottkvætt, gjeld det så at diktarane nytta eit særleg språk og særlege uttrykksmåtar. Dei skilde mellom to slags slike poetiske uttrykk, det eine vart kalla for *heiti* og det andre for *kjenning*. Heiti var for ein stor del synonymmer som var gått av bruk i daglegtale, men som heldt seg i det poetiske språket. I det heile er skalde-språket svært rikt på gammalt ordtilfang. Kjenningane er omskrivingar av typen «ørkenens skip» for kamel. Ofte kan dei vera sammansette av fleire ledd, og er ikkje sjeldan vanskelege å få full meining i for vår tids

menneske, som ikkje er heilt fortrulege med miljøet og kulturbakgrunnen til dikta. For å få nokre døme på dette poetiske språket kan vi vende oss til den andre heile drottkvættstrofen frå Bergen.

Denne strofen er tolka på til dels sterkt avvikande måtar av Wolfgang Krause og Jón Helgason. Den fyrste helmingen er dei likevel samde om, og den lyder i normalisert form:

*Fell til fríðrar þellu
fárlegrar mér árla
fiskáls festibála
forn byrr hamar-norna.*

Denne halvstrofen er noko uvanleg sett frå metrisk synsstad, for det fyrste ved det at det er den same rimstaven som går att i alle fire linene, her *f*. For det andre har denne strofen gjennomført heilrim, *aðalhending*, i alle linene, det er ein avart av drottkvætt som vart kalla *allhent*. I denne halvstrofen har vi to kjenningar samansette av fleire ledd. Subjektet er *byrr hamar-norna*. Den siste delen er norner, d. e. kvinner, som held til i ein (berg-)hamar. Dette er då ein kjenning for gyger, trollkvinne. *Byrr* er bær, vind, og trollkvinnas vind veit vi skal forståast som hug, sinn. Dette blir uttrykkeleg sagt av Snorre i hans Skaldskaparmål: *huginn skal svá kenna, at kalla vind trollkvenna*. Til kjenningen står adjektivet *forn*, og «den gamle hugen» er vel helst kjærleiken. Den andre kjenningen i strofen er *fisk-áls festi-bála þellu*. *Fisk-ál* er ei omskriving for hav, «djupet der fiskane går», og havets «bål» er gull. Dette er ein svært vanleg type kjenning, som bygger på segnene om den store skatten som ligg på botnen av Rin. *festi-* er eit samansettingsledd som gir tydinga «den som fester». Gullet som fester er det same som *s mykke*. *þella* er eit furu-tre, og smykkets furu er kvinne (furu med feste-bål frå fiskedjupet).¹⁴ Kvinna er både fager og farleg (*fríðrar – fárlegrar*) og tidleg (*árla*) vende kjærleiken seg til (*fell til*) henne for dikteren (*mér*). Omsettinga blir då: «Kjærleiken vende seg for meg tidleg til den fagre skadelege kvinna».

Neste halvstrofe, som i transskribert form ser slik ut

þæimuihdi.h(e)uirþundar.

þornluþrs.iolun.buþar.

gloumar.gyghiartouma

galdrsfastlegha.haldet:

er tolka svært forskjellig av Krause og Helgason, men b   tek sj  lvsagt atterhald for sine framlegg. Dei stussar b  , som rimeleg er ved **uihdi**, som vel b  r rettast for    f   inn den stavinga *und* som metret krev. B   stussar   g ved **h(e)uir** og **iolun**. Eg skal ikkje referere dei to tolkingane, berre peike p   ein opplagt kjenning for or m som finst her, men som ikkje er kjend fr   f  r: *g  gjar taumar*. Denne kjenningen bygger p   forteljinga om *Hyrrokin*, gygra som dei sende bod p   for at ho skulle sj  sette b  ten som Balders lik l  g i. Ho kom ridande p   ein varg og hadde ein hoggorm til taumar (*hoggormr at taumum*). Dette har vori eit kjent og vidt utbreidd motiv. Vi kjenner det i biletframstilling fra Hunnestadsteinen i Sk  ne,¹⁵) som skriv seg fr   vikingtid, og fr   den mykje yngre norske folkevisa Olav og Kari:

Ho ha'e 'kje anna til beisle-ring
hell fr  narormen ho slengde ikring.

Eg har sj  lv ofra mykje tid p      finne fram til ei tolking som kan klare seg med f  rre rettingar enn dei Krause og Helgason har tydd til, men eg har enno ikkje n  dd fram til noko som eg er n  gd med. Den store vansken er ordet 'iolun', det er ikkje kjent f  r, men som vi seinare skal sj   finst det i enno ei metrisk innskrift.

Denne drottkv  tt-strofen st  r ikkje aleine p   pinnen. Innskrifta held fram i eit Vergil-sitat (Ecolga 10): *omnia vincit amor, et nos cedamus amori* «Kj  rleiken vinn p   alt, lat oss gi etter for kj  rleiken». B  de av dette sitatet og av det vi forst  r av sj  lve strofen g  r det tydeleg fram at vi har med ei *mans  ngsv  sa*, eit kj  rleiksvers,    gjera. Dette var sikkert ikkje noka uvanleg diktform i mellomalderen, men det er ikkje s   mykje vi kjenner til genren utanom sagatida. Det kjem vel av at slike dikt av ein eller annan

grunn ikkje var velsedde i seinare tider. På Island var det til og med sett streng straff for kjærleiksdikting. Vår strofe skriv seg frå tida omkring 1200 og den står ikkje aleine. Omlag frå same tid har vi ein uheil strofe, som vel kan vera ei *mansengsvísa*, men før vi tar for oss den, vil vi sjå på ein uskadd firelina kvidding frå tida fram imot 1300. Også denne høyrer visstnok til kjærleiksdiktinga.

Innskripta står på ein liten firkanta pinne, med runer på alle fire sidene, og ser slik ut:

**myttar bolla katr haluann bolla auþr halluin annan bo tast hall
uanb holmr halluanb
uar kennir uira uitr ugllapan sitita
air nemr optok storom alunns grunntar mik blunnti**

Det er dei to siste linene som inneheld halvstrofen. I dei to fyrste linene har vi ei merkeleg opprekning av rom-mål knytte til ord som vel må oppfattast som tilnamn. Vi kan stille det opp slik:

'myttar' bolla
'katr' halfan bolla
'auþr' halfan annan bo(lla)
'tast' halfan b(olla)
'holmr' halfan b(olla)

Ein *bolli* er eit rom-mål som etter landslova av 1274 og etter bylova skulle brukast til mæling av våtvarer «honning og allslags drykk, tran og anna slikt».¹⁶⁾

Ein bolle var $\frac{1}{4}$ ask, eller lik 4 *juster*. Legg ein no i hop dei fem måla som er nemnde i innskripta: $1 + \frac{1}{2} + 1 \frac{1}{2} + \frac{1}{2} + \frac{1}{2}$ får ein 4 bollar, som er det same som ein ask. Det kan då tenkast at vi her har å gjera med eit notat om fordeling mellom fem personar av 1 ask med eit eller anna flytande, øl t. d.. Av dei fem «tilnamna» kjenner vi berre to frå før: *kátr* og *holmr*. Dessutan kjenner vi *Auðr* som både kvinnenamn og mannsnamn. Eg kan ikkje finne nokon serleg indre samanheng mellom fordelinga av denne asken og kviddingen som står på same pinnen.

Denne halvstrofen oppfattar eg slik:

*Vár kennir vera
vitr úgláðan sitja.
Eir nemr opt ok stórum
ϕluns grundar mik blundi.*

Vár er namnet på gudinna for ekteskapet, eller som det heiter i Snorres Gylfaginning: «hon hlýðir á eiða manna ok einka-mál, er veita sín á milli konur ok karlar; því heita þau mál várar; hon hefnir ok þeim er brigiða.»¹⁷) «Ho heyrer truskapslovnader som menn og kvinner gir kvarandre; difor heiter desse lovnader várar; og ho straffar òg dei som bryt dei.» *Vár* er subjektet for *kennir*, og dette verbet, *kenna*, kan tyde lata få kjenne, lære å kjenne, få til å –, osv. *vera* er gen. pl. av *verr* som tyder elsker, ektemann. *vitr* oppfattar eg som sideform til *vættr*(n) som tyder ingen. *vera vitr* blir då heilt parallellt til Hárbarðsljóð 23 *vættr manna*, ingen av menn, ingen (mann). *Úgláðan sitja* er ein akk. med inf. som står objektivisk til *kennir*, og der det mask. *úgláðan* sikkert går tilbake på heile uttrykket *vera vitr* og ikkje på det ubøyelege nøytrumsordet *vitr*. Meninga blir altså: «Vár får ingen til å sitte uglied» eller enklare uttrykt: «Vár gjer alle glade». I neste linepar har vi ein kjenning *Eir ϕluns grundar*. *Eir* er gudinna for lækjedomskunst, *ϕlun* er makrell og *ϕluns grund* kunne vera havet. Då ville heile kjenningen vera det same som havsgudinna *Rán*. Ho var ei gudinne som ville menneska vondt, og som drog sjøfolk til seg ned i havet. Dersom ein oppfattar kjenningen slik må ein sette om siste delen slik: «Rán tar ofte og mykje svevnen frá meg», og han ville dermed gi uttrykk for otte for å fara på havet eller otte for ein som er på sjøen. På denne måten får vi ein viss parallellitet mellom dei to linepara i halvstrofen, det eine om gudinna *Vár* og det andre om gudinna *Rán*. Men eg tykkjer sjølv det ville gi betre mening om vi kunne forstå kjenningen *Eir ϕluns grundar* som ein kvinnekjenning. *ϕluns grund* måtte då stå for gull og det kan ein godt få til dersom ein tenkjer seg *ϕlun* som ein halv-kjenning for o r m. Ein fullstendig kjenning med dei same orda, men med

eit utmerkjingsord, *eitr*, i tillegg, finst i vers i Njåla: *eitrs ølun-grund*, d. e. «gift-fiskens mark» som står for gull. Denne gullkjenningen bygger på førestellinga om Fåvne og gullskatten på Gnitaei. Dersom ein oppfattar kjenningen slik blir innhaldet i halvstrofen: «Vår får ingen til å sitte uglad. Kvinna tar ofte og mykje svevnen frå meg».

Oppfatta på denne måten, minner strofen på ein merkeleg måte om eit lausvers som er tilskrivi kong Magnus Berrføtt, og som han skal ha dikta om ei keisardotter:¹⁸⁾

*sú's ein es mér meinar
Makthildir ok vegr hildi
(már drekkur suðr ór sárum
sveita) leik ok teiti;
sá kennir mér svanni,
sín lǫnd es verr rǫndu
(sverð bitu Hǫgna hurðir)
hvítjarpr sofa lítit.*

«Der er ei, Makthild, som nektar meg leik og glede og som vekkjer kamp. Sørpå drikk rammen av sára. Den lyse kvinna, som forsvarar landet sitt med skjoldet, får meg til å sova lite. Sverd beit i skjolda.» Både kvinna, gleda og svevnløysa finn ein her, til og med verbet *kenna* er brukt på same måten. Det kan forresten hende at vi her har for oss eit fast uttrykk *kenna e – m at sofa lítit*, som har vori brukt for å uttrykke sterke liden-skapar. Vi kjenner det òg frå eit dikt i fornaldarsagaen om Halv og Halvsrekkane, der Hrókr inn svart klagar over drapet på broren:

*Slíkt kennir mér
at sofa lítit
marga grímu
ok mjök vaka,
er bróðir minn
brenna skyldi
kvíkr í eldi
með konungs rekkum.*

«Det får meg til å sova lite og vaka mange netter, at bror minn skulle brenna levande i elden saman med kongsmennene.»¹⁹) I vårt vers lyt vi vel gå ut ifrå at det er kjærleiken som gjer svevnlaus og truloving eller ekteskap som gjer glad.

Reint formelt er ikkje strofen slik han skal vera etter reglane for skaldskap. Fyrste lina har berre fem stavingar og nest siste staving i same lina, i ordet *vera*, er i klassisk gammalnorsk stutt, medan vi skulle vente lang staving. Men på slutten av 1200-talet skulle det vera mogeleg å tenke seg at dette ordet hadde fått lang vokal, slik som det gammalnorske *veri* har lang vokal i nyare norsk, t. d. Lomvær og Vågåvær.

Det er noko positivt over innhaldet i denne halvstrofen, men det er ikkje sikkert ein kan seia det same om den fragmentariske strofen eg nemnde, og som vi no tek for oss.

Det er att berre ei flis av den opphavlege runepinnen, og denne flisa er dessutan sundbroten i fleire stykke. Det som sikkert kan lesast ser slik ut.

(breidsida) **snotgat laussanlatalingunirfyrirur**

???om æ???rho?mærfyrirmonom

(smalsida) **?æ???mbæ???bar??**

Dei siste runene står på det som er att av sida «over» breidsida, toppane av runene er her skadde og borte.

Runene på breidsida kan vi dele opp i tre drottkvætt-liner. *Snót gat lausan láta* gir ei god a-line, og b-lina som høyrer til oppfattar eg slik: *lín-Gunnr fyrir ver sínum*. I det siste ordet er då dei fyrste runene restituerte med støtte i at ordet kan ha aðalhending med *lín*. Resten av runene på den sida blir så ei ny a-line, og utfyllinga av denne lina gir seg sjølv: *Enn er hon mær fyrir monnum*, «Enn er ho ei møy for menn». Etter innhaldet høver denne lina godt som eit innskot, som ofte står i tredje lina i helmingen. Fyrste og andre lina skulle ein då vente hadde eit framhald i den fjerde lina som no vantar. Det er difor uråd å få full greide på innhaldet av denne halvstrofen. *Lín-Gunnr* er ein kjenning for kvinne, og

det som er att av hovudinnhaldet i halvstrofen kan omsettast slik: «Den kloke kvinna laut gi slipp på – – – for husbonden sin. Enn er ho ei møy for menn.» Kva ho laut sleppe veit vi ikkje, men innskotet kunne tyde på at vi har for oss erotisk dikting, kanskje på det folkelege plan. Runelina som står på kanten av flisa inneheld sikkert også ein del av strofen, sannsynlegvis slutten av ein annan helming, anten før eller etter den vi har mest att av. Denne lina er altfor fragmentarisk til at vi kan seia noko om innhaldet.

Det same lyt vi diverre seia om den neste innskifta, der vi har dei sørgjelege rester av to drottkvætt-strofer. Dei har stått fordelte på dei fire sidene av ein tilskoren pinne, som er avbroten omlag midt på etter det ein kan rekne seg til. Det som er att er slutten av kvar runeline. Dei to fyrste linene inneheld resten av den eine strofen, og dei to siste den andre strofen. Vi kan plassere restene inn i strofeskjemaet slik:

- - - - -	- - - - -
- - - - - hia.	- - - - -
orlæik. þinum. æinskis.	- - - - -
uærþr. um. kumnafærþir/	-?ota. ræyni. gautu?.
- - - - -	ranar. lioma. konon?s.
- - - - -	?o?? / - - - - -
- - - - - qknan	- - - - -
tring. a. bløp? .?kr?ngir /	- - - þ.urabitri. hlufu

Her vil ein kjenne att ein heil del ord, men som rimeleg er kan ein ikkje få nokon samanheng i det. Det er tale om *ørleik*, pil-leik, kamp; *gumna*, gen. pl. til *gumi marn* (jfr. brudgom); *ferðir*, ferder, reiser. Det er også tale om ein konge, *konungs*, og vi finn mange ord som er vel kjende frå kjenningar: *blóði*, *Ránar*, *ljóma* osv. I siste line kunne det vera tale om *rabitri*, stridshest, men ein skal kanskje heller lesa ei samansetning med *bítr* av same type som vi har i fiskenamnet *steinbítr*, og i namnet på Håkon den godes sverd *Kvernbítr*. Nokre ord er vi svært usikre på; t. d. **uærþr** som

burde byrje på vokal. Vi har *sker(e)ngir* som er den mest sannsynlege restitusjonen og som kan vera ei form av eit verbum **skrengja* av same rot som *skrangle*. Det siste ordet **hlufa** bør ha lang rotvokal og er også vanskeleg å forklare. Men heile teksta er så fragmentarisk at det tener ikkje til noko å drøfte mogelege restitusjonar nærare.

Det siste skaldeverset eg skal nemne er ikkje, som alle dei andre, i drottkvætt versemål, men i *hrynhent*, det same versemålet som det store religiøse diktet *Lilja* er dikta i og som difor også blir kalla *liljulag*. Det er same reglar for metrikken her som i drottkvætt, men kvar line er utvida med to stavingar, den eine trykksterk. Pinnen der denne strofen står er òg diverre avbroten, og innskrifta lyder slik:

maþr:skalhonom:hæift:n?????at:uist - - - - -

slit:uiha:lqutomk:hioik:kirþ??k:r? - - - - -

uaki:hykaþ:fylkna:manat:hirþum: - - - - -

n:fqurum:snyra:knæfa:þøyk??? - - kraka? - - - - -

På same måten som med den førre innskrifta kan vi på grunnlag av metret og ei berekning av kva som vantar i kvar runeline, sette opp verset på denne måten, med slike normaliseringar og restitusjonar som eg meiner ein bør ha med:

*Maðr skal honum heipt nenna
 hvat vist - - - - -
 - - - - - slett vega látumk
 hjó ek gyrðing r - - - - -
 - - - - - vaki hykk-at
 fylgna manat hirðum - - - -
 - - - - - -n fœrum snýra
 knefa þeygir - - kráka - -*

Også her vantar det for mykje til at ein kan få nokon samanheng i innhaldet. Det ein kan seia er at det er tale om *heipt*, fiendskap, hat, ovund, sinne, samstundes som det er tale om å drepa: *vega*. Det ser òg ut til å vera snakk om å *snúa fœrum*, som vel kunne tyde: gi seg over,

røme, men meir er det vel vanskeleg å seia om dette. Interessantare er det å legge merke til at versemålet *hrynhent* har vori i bruk i Bergen omkring år 1200. Dei skaldane som vi elles veit har brukt dette versemålet er alle komne frå områda vest om havet, frå Sudrøyane og frå Island.

Det er ikkje berre denne hrynhent-strofen som får oss til å tenke oss om, i det heile må vår oppfatning av vilkåra for skaldedikting i Noreg reviderast etter desse funna, som har gitt oss hrynhentstrofen frå omkring 1200, to drottkvættstrofer frå same tid, to drottkvættstrofer frå midten av 1200-talet, ein halv drottkvættstrofe frå slutten av 1200-talet og ein heil drottkvættstrofe frå 1330-åra. Dette viser ei levande interesse for den vanskelege skaldekunsten, sjølv mellom vanleg folk i eit mellomaldersk bysamfunn i Noreg. Og dette i ei tid og på eit område der ein før meinte islendingane fullstendig rådde grunnen aleine.

Ikkje berre skaldediktinga er representert i Bergens-materialet. Den andre hovuddiktarten, Edda-typen, har vi òg representert nokså fyldig med fleire særst interessante tekster. I ei lang, men sørgjeleg maltraktert innskrift kan vi lesa brotstykke av eit dikt i *ljóðahátt* versemål, det same versemålet som *Hávamál* er dikta i. Innskrifta står på to fliser av ein lang pinne, og av dei restene vi har att kan vi slutte oss til at ho har hatt minst 300 runer. Det er diverre ikkje mykje av dette ein no kan lesa. Omlag 3/5 av den eine sida av pinnen er likevel uskadd og her kan vi lesa:

-- **asigæþiþri: tilfjors: sæl. ekþapottomk. eruitsatomk. ihia. okkomat-
okkar: m. ameþal. iuirne. undir: sakaþatek. umokat**

Midtpartiet av dette kan ein utan vidare forstå:

*Sæl(l) ek þá þóttumk
er vit sátumk í hjá,
ok komat okkar maðr á meðal.*

Dette er ein typisk halvstrofe i *ljóðahátt* versemål, og det som kjem etter kan kanskje vera neste halvstrofe, eller ein del av den. Ein kunne lesa

*Yfir né undir sakaðatk
um ok at - - - - (eller: um okkart - - -)*

Dersom heile innskripta har vori i dette versemålet ville det ha vori plass til tre ljodahått-strofer i dei ca. 300 runene vi no har rester av.

Innhaldet av den forståelege delen lyder i omsetting: «Sæl eg då tyktest, då vi sat saman, og ikkje eit menneske kom mellom oss.»²⁰) Fyrste lina her svarar ord til anna til fyrste lina i Hamðismál 21:

*Sæll ek þá þættumk
er ek sjá knetta
Hamði ok Sþrla
i höllu minni.*

«Sæl ville eg tykkjast om eg fekk sjá Hamde og Sorle i halla mi.» Den einaste skilnaden er at verbet her står i konjunktiv. Resten av halvstrofen minner om eit anna dikt, eit lausvers som er tilskrivi Gisle Surrson, og som han skal ha dikta ved haugen til venen Vestein etter at han var drepen og hauglagd.

*Betr hugðak þá brigðir,
biðkat draums ens þriðja
slíks, af svefni vøkðum,
sárteina, Vésteini,
þás vit í sal sátum
Sigrhadds við mjød gladdir,
komska maðr á miðli
mín né hans, at víni.*

Eg set om berre det som kjem oss ved her: «Betre trudde eg det var for Vestein då vi sat mjødglaude over vinen i Sigerhadds sal, og ingen mann kom mellom han og meg.» Det er så store likskapar mellom vår halvstrofe og Gisles at det er vanskeleg å tenke seg at det ikkje er ein samanheng på ein eller annan måte. Men korleis den skal forklarast er ikkje godt å seia når vi har så lite materiale å bygge på.

Så sørgjeleg fragmentarisk denne innskripta enn er så er ho i alle fall lang nok til å vise at versemålet ljodahått også finst på norsk grunn. Det er elles ikkje kjent utanfor islandsk overlevering. I Edda-diktinga er dette

versemålet ikkje brukt i episke, forteljande dikt, men i dikt som inneheld berre direkte tale, monologar eller replikkvekslingar, slik som i Grímnismál og Lokasenna; dessutan er det brukt i såkalla gnomisk dikting, som t. d. Hávamál. Vårt dikt er tydelegvis av den fyrste typen, med direkte tale. Men om vi her har for oss eit originalt dikt, skrivi ned av diktaren på staden (eit dikt om venskap eller kjærleik) eller om vi har ei nedteikning av eit Edda-dikt, henta frå den munnlege tradisjonen, vil eg ikkje seia noko sikkert om, men innskrifta er omlag samtidig med Edda-handskriftet Codex Regius, eller kanskje noko yngre, frå omkring 1300.

Den neste innskrifta vi skal ta for oss er om lag hundre år eldre enn den førre, men kunne på same måten som den, reknast som ei nedteikning av Edda-vers. Ho finst på ein noko ujamn pinne som er avbroten, utan at vi sikkert kan seia om det dermed har komi bort runer. Runene står på to sider, og innskrifta lyder slik:

hæil:seþu:ok:ihuhum:gopom / þor:þik:þig:gi:open:þik:æihi:

Her er ingen tvil om lesinga:

*Heil(l) sé þú
ok í hugum góðum.
Þórr þik þiggi.
Óðinn þik eigi.*

«Ver du vel faren og venleg til sinns. Måtte Tor ta i mot deg. Måtte Odin eige deg.» Dette er òg ein halvstrofe i ljodahått versesmål, i ein avart som blir kalla *galdralag* og der siste lina er fordobla. Innhaldet i halvstrofen virkar noko sjølvmotseiande på oss, med ynsket om å vera heill, sunn, vel faren, og så dette at Tor og Odin skal ta imot. Det siste må jo gjelde det som skal gå for seg etter at vedkomande er død. Forsåvidt kan det kanskje tenkast at ein del av denne innskrifta er komen bort då pinnen vart avbroten, og at det vi no har att er brotstykke av ein heil strofe. På den andre sida kan det tenkast at innskrifta slik vi har henne er mynta på ein som alt er død, og at det er tale om gode ynskje for den andre verda. Men ei innskrift med verkeleg religiøst, heident innhald kan vel vanskeleg

tenkast på kong Sverres tid. Rett nok var det ikkje så mykje ein skulle skrape på den kristne mellomalderske bergenseren før heidningen kom fram, men aktiv heidenskap er likevel noko anna. Meir truleg er det vel at vi har med eit tilfeldig sitat frå Edda-diktinga å gjera, eit sitat som kan ha vori brukt i ein høveleg situasjon. Slektskapen med Edda-diktinga ser ein tydeleg når ein samanliknar med Hymiskviða 11, der tenestejenta kjem inn og helsar Hyme med:

*Ver þú heill, Hymir.
í hugum góðum.*

Vi kan òg minne om Hárbarðsljóð 24 der Hårbard sier at

*Óðinn á jarla
þá er í val falla,
en Þórr á þræla kyn.*

«Odin eig dei jarlar som fell i kamp, og Tor eig træleslekta.» Dette at Odin skal ha dei som fell i kamp er ei vanleg oppfatning, og eit liknande ynskje, som det i vår innskrift, finn vi i Styrbjarnar þáttr sviákappa. Der er det fortalt om kong Eirik at han hadde blota til Odin før slaget på Fyresvollane. Han fekk då greie på at han skulle kaste eit sivstrå over Styrbjørns her og seia: *Óðinn á yðr alla*. «Odin eig dykk alle». Dette viste seg å ha ein forferdeleg virkning på Styrbjørns flokk.

Endå halvstrofen, både ved si form, galdralag, og ved sitt innhald kan sjå ut som ei magisk innskrift, har eg vondt for å rekne henne til den kategorien. Det kan ein derimot trygt med neste innskrift, som vi no går over til.

Denne innskrifta er uskadd og finst på ein firkanta pinne. Alle runene står på ei side.

**imestæin hæitti at arirøykr riuki:aldrisæypir soþne:utyl:innkyl imi-
stein hæitti**

*Ími stein heitti,
at ari(n)-reykr rjúki!
Aldri seyðir soðni!*

út yl!
inn kyl!
Ími stein heitti!

«Ime hita steinen så árerøyken skal ryke. Aldri skal kjøtet koke ferdig. Ut med varmen. Inn med kjølda. Ime hita steinen.» Her er det ikkje tale om noko fast versemål, men det er jo tydeleg metrisk, med parallelle liner, allitterasjon og til og med to stuttliner med enderim. Det er ein slags galdr vi har for oss, og det er tydeleg at det ikkje er velvilje som ligg attom kraftsatsen.

Situasjonen siktar til den framgangsmåten som før var vanleg når ein skulle verme opp nokolunde store kvanta av ymist slag. Ein kunne koke på den måten at ein hita opp steinar og slepte dei opp i vatn i eit høveleg kjerald. Så hadde ein på nye steinar etterkvart som dei vart avkjølde. Slik kunne ein t. d. godt koke i trekar. Ein annan måte var å grava ei grop i jorda, gjera opp eit stort bål der og verme steinar i elden. Når alt var godt opphita og veden var brend til kol, kunne ein så legge kjøt oppi og dekke det heile til. Dette er ein *seyðir*. I vår innskrift er det tale om bae typane av oppverming av steinar, den eine på åren, den andre i søyden. Og her skal alt gå galt. Røyken frå åren skal slå ned og søyden skal ikkje vera varm nok. Varmen skal ut og kjølda skal inn.

Men kven er så *Ími* som får til alt dette. Ordet er kjent som mannsnamn på Island og det skal òg vera brukt som namn på jotun, men her er det meir vanleg med den sterke forma *Ímr*, som dessutan er kjend som ulveheiti. Ein kunne kanskje tenke seg Imi som eit vette som på ein eller annan måte var verksamt ved koking med steinar, og at namnet då hadde samband med nøytrumsordet *ím*, som tyder støv eller belegg. Dette ordet er brukt i omsetting av latin *pulvis*. Kanskje kan det ha vori brukt om belegg og sot på koksteinar. Det er truleg at det vil laga seg eit slikt belegg eller ei skorpe på slike steinar, og denne vil då bli brend av att når steinen blir hita på nytt. Kanskje det er ifrå slik koksteinshiting at det biletet er henta som vi møter i fleire religiøse tekster der det er tale

om reinsking frå synder. Fritzner har fleire døme, men her skal berre siterast eitt: *Guð kallast eldr því, at hann brennir af oss synda ím*. Frå nyare tid kan vi òg dra fram eit ord *ím* som vi kjenner frå færøysk, shetlandsnorn og orknøy-norn, og som tyder sot på ein kjele. I alle tilfelle må Ime vera ein som har makt over varmen ved matlaginga. Dette minner oss om den kjende segna om jotnen Tjatse som, vel med trolldom, fekk det slik til at søyden ikkje koka ferdig for Odin, Loke og Høne. Dei undrar seg over kva det kan koma av, men til slutt høyrer dei at det blir sagt i eika over dei, at der sat den som meinte han rådde for at *eigi soðnaði á seyðinum*.²¹) Om Ime er eit slikt kokevette, vil ikkje dette forundre oss. Frå nyare tid finst det ei mengd opplysningar om ymse vette som kunne gripe inn under matlaginga, og om ei mengd av rådgjerder ein måtte taka til for å gardere seg mot slikt. Etter dette skulle vi vel kunne tenke oss Ime som eit årevette som hadde tilhald i elden og som var karakterisert ved *ím*, sot eller belegg av anna slag.

Innskrifta er utan tvil ein trylleformel som i Bangs Hexeformularer vel ville ha vori ført opp under kapitlet *Maning i episk form*. I denne samlinga finn vi òg ein parallell til vår innskrift. Det er ein maningsformel mot «Senge-Heta» d. e. sårfeber (folk trudde at sårfeberen hadde sin grunn i sengevarmen), som Bang har henta frå ei svartebok frå Aurskog. Boka er nedskriven i 1815 og der står

*Ud, Ølen
og ind Kjølen!
I 3de N. (I trende Navne)²²*

Endå det ligg vel 500 år mellom dei to oppskriftene viser samanhengen godt kva for eit miljø innskrifta vår høyrer heime i.

Trass i mange fromme innskrifter både på norsk og på latin, med Ave Maria, Pater Noster, Kyrie Eleison osv. har mange sett sin lit til mørkemaktene når det var noko særleg dei ville oppnå. Som ein siste illustrasjon til det vil eg ta fram ein pinne med ein ramheidensk formel

som ein eller annan mot slutten av 1300-talet ville bruke, kanskje for å få ei jente til å elske seg.

Innskrifta står på ein firkanta pinne, som diverre, som så mange andre, er avbroten i den eine enden, slik at slutten av dei fire innskriftlinene vantar. Det som er att ser slik ut:

ristek: bot: runar: rist: ekbiarh: runar: æin: faluip: aluom: tuiualtuiþ: trolom: þreualt: uip: þ(us)--- uipenneskøþo: skah: ualkyrriu: sua: at: æi- mehi: þo: atæuili: læuis: kona: liui: þinuk? --- eksender: þer: ekseaper: ylhiar: erhi: okoþola: aþer: rini: upole: auk: ioluns: moþ: sittu: aldri: sop- þu: aldri --- ant: mer: sem: sialpre: þer: beirist: rubus: rabus: eþ: aranta- bus: laus: abus: rosa: gauda? ---

Dette meiner eg vi kan normalisere og sette opp på denne måten:

*Ríst ek bótrúnar,
ríst ek bjargrúnar,
einfalt við alfum,
tvífalt við trollum,
þrífalt við þursum*

*við inni skæðu
'skag'-valkyrju
svát ei megi
þótt æ vili
lævis kona
lífi þínu*

*ek sendi þér,
ek síða þér
ylgjar ergi ok úþola.
Á þér renni úþóli
ok 'ioluns' móð.
Sittu aldri,
sof þu aldri*

ant mér sem sjalfri þér. Beirist rubus osv.

«Eg rister botruner, eg rister bergingsruner. Ein gong mot alvane, dobbelt mot trolla, tredobbelt mot tussane --- mot den skadelege 'skag'-valkyrja slik at ho aldri skal kunne endå ho allstødt vil. (Du) meinvisе kone!

Livet ditt – – – eg sender på deg, eg seider på deg ulveargskap og utole. Måtte utolig pine og 'ioluns' elende renne på deg. Du skal aldri få sitte, du skal aldri få sova, – – – elsk meg som sjølv deg. Beirist osv.»

Dette er sterk magi, sikkert ein galdr, med dei parallellismane som vi reknar med høyrde til diktforma og som skulle banke inn meininga og gjera verknaden dobbelt sterk. Trolldomen skal virke mot alvar, troll og tussar og mot den skadelege valkyrja. Det blir brukt seid og sending, og denne trolldomen skal føre med seg ulveargskap og allslags vondt. Det er ikkje heilt klårt kven det er innskifta vender seg til i siste delen, frå *lífi þínu* og frametter. Det kan vera valkyrja som skal få alt det vonde, eller det kan vera ein person som heile galderen er retta mot. Dette er i tilfelle ei kvinne, eller eit kvinneleg vesen, noko vi ser av forma *sjalfri* som er dativ sing. femininum. Heile galderen munnar ut i ei oppfordring: «Elsk meg som deg sjølv», og ein kunne jo tenke seg at føremålet med trollskaopen var å vinne ei jente. Men dette er berre ei gissing, avslutninga kan ha same meininga som avslutninga av ein maningsformel mot avund frå Flå i Hallingdal.

Dæ va Jesus og Santepær
gik over Brue den breie.
Saa mødte dei Agun.
«Haa ska du hen?»
sa Santepær.
«Je skal te nemmaste Granne
aa eta aa øie
aa snaa aa snøie»,
svara Agun.
«Du skal de att venne»,
sa Santepær,
«du ska unne din Granne
saa godt som de sjøl,
ja, inn te dit inderste Hjerterøte.»²³⁾

Men kva no meininga enn har vori i vår innskrift så er det i alle fall ei uvanleg saftig tekst. Forutan dei gamle velprøvde og kjende rådene er her brukt nymotens, halvkristelege, magiske ord for å sette ein ekstra spiss på og for å gjera verknaden så sikker som mogeleg.

Heile formelen er av Edda-type. Han byrjar med ein regelrett halvstrofe i galdralag og held så fram i ei blanding av fornyrdslag og ljoda-hått. Men ikkje berre versemålet viser tilknytning til Edda-diktinga, ein stor del av stoffet må vera henta direkte frå Edda-tradisjon. Nettopp derfor er denne innskriфта særleg interessant.

Den som har stelt noko med Edda-dikt vil straks «kjenne att» dei to fyrste linene i galderen. Det er i Sigrdrífumál vi finn det som minner: Sigrdrífa lærer Sigurd nyttige kunnskapar, deriblant dei som Mimes hovud fortalde om:

Þat eru bókrúnar,
þat eru bjargrúnar
ok allar ølrúnar
ok mætar meginrúnar
hveim er þær kná úviltar
ok úspiltar
sér at heillum hafa.

«Det er bokruner, det er bergingsruner, og alle ølruner og herlege kraftruner for den som kan nytte dei uspilte og uvilte til sin eigen bate.» I vår innskrift er tydeligvis Sigrdrífas oppfordring følgt, men diktaren og den som har skrivi runene har ei betre og meir opphavleg tekst enn det hundre år eldre Edda-handskriftet Codex Regius. I vår innskrift les vi **bot:runar** (Fig. 10a) der Codex Regius har *bocr(vnar)* (Fig. 11a). Dette gir mykje betre meining saman med *bjargrúnar*, og i Sigrdrífumál får vi parallellitet mellom dei tre uttrykka *bótrúnar*, *bjargrúnar* og *ølrúnar*. Dei fyrste gir bot og betring, bjargrunene gir berging, også i barselsnaud²⁴), og ølrunene gir vern, på same måten som det magiske ordet *alu*, som vi finn i mange eldre runeinnskrifter,²⁵) og som vi lyt oppfatte som eit

vernande ord. Feilskrivninga *boc-* for *bot-* i Codex Regius er så lett forståeleg at det i grunnen er rart at forslag om retting til *bot-* ikkje er sett fram før. Likskapen ser ein tydeleg når ein samanliknar *boc-* i Sigrdrífumál med *bót* i Helga kviða Hundingsbana II 44 (Fig. 11).


Ein annan strofe frå Eddaen blir vi òg minte om i denne innskrifta. Det er str. 38 i det fyrste diktet om Helge Hundingsbane:

*Þú vart in skæða
skass valkyrja
øtul, ámatlig
at Alfður.
Mundu einherjar
allir berjast,
svevís kona,
um sakar þínar.*

Her har vi den same «skadelege valkyrja», men Eddahandskriftet har *scas* der runepinnen har **skah** (Fig. 10 b). *Scas* har valda store vanskar for dei som skulle kommentere Edda-diktet. *Skass* eller *skars* er elles kjent som eit substantiv som tyder trollkjerring, men det er eit nøytrums-ord og difor vanskeleg å forlike med *in skæða*. Dei forslaga til forklaring som er komne virkar ikkje heilt overtydande. Men no er det kanskje mogeleg å koma løysinga av problemet noko nærare.


Skrivemåten *scas* kan faktisk også forklårast som ein avskrivingsfeil der forelegget har hatt *scag*. Forelegget kan ha hatt ein noko utydeleg skriven *g* som avskrivaren kunne lesa som kapital *S*, som var den vanlege skrivemåten for dobbel-*s*. Dersom ordet 'skag' var uforståeleg for han, ville han då sjå eit lett kjenneleg ord *skass* som, når det galdt meining, høvde vel ved sida av *in skæða valkyrja*, men som var vanskeleg å passe inn i syntaksen. Slikt var likevel ikkje skrivarane alltid så nøye med.

Lesemåten *skag valkyrja* gir oss ikkje noka lett forståeleg tekst, men eg skal prøve å legge fram ei tolking som eg meiner kan ha noko for seg. *Skag* må settast i samband med verbet *skaga*, som tyder stikke fram




ristek: bot: runar: - -

a



- - o: skah: ualkyrri(u) - -]

b



- - li: læuis: kona: liu - -

c

Fig. 10. Detaljar av den store galderen.
Details of one of the incantations.


(þat) ero boc *rvnar*.þess bót of (*vinna*).

Fig. 11. Skrivemåten av *boc-* og *bót* i Codex Regius
(reprodusert etter Munksgaards facsimili-utg.).

el. ut over frå ein annan ting. Den same rotstavinga har vi sikkert i valkyrjenamnet *Skogul*, og det kunne vera freistande å sjå ein samanheng her mellom *skag-valkyrja* og *Skogul*. Skogul heiter òg *Geirskogul*, spjut-Skogul, og i namneramsene Þulur finst dette namnet saman med *Geir-driful*, den som «driv» spjut. Tydingane av omgrepa *drifa* og *skaga* ligg ikkje så langt frå kvarandre og kunne vel bae vera brukt om det å stikke med spjutet, medan *skaga* vel vanskeleg kunne brukast om det å få spjutet til å fly gjennom lufta.

Saman med Skogul er ofte nemnd valkyrja *Gøndul*. Namna er parallelle lagingar, og vi er freista til å sjå ein parallellitet også i opphav og tyding. Til rota *skag-* i Skogul svarar *gand* i Gøndul. Ordet *gand(m)* er i nyare norsk brukt om ein oppståande, helst kvass, pinne som krøtter eller folk kunne ska seg på. I gammalnorsk er det nytta om ein kjepp som trollkjerringane brukte til trollskap. Men omgrepet *gand* varierer ein del frå stad til stad og har vel òg skift noko med tida. Nils Lid har lagt fram eit stort materiale for å klårlegge trolldom med *gand* og liknande føregjerder som finnskot, trollskot, alvkule, alvskot, sending osv. Svært forenkla kunne ein seia at det her er tale om trolldom som virkar på den måten at noko blir sendt av stad for å gjera vondt. Dette 'noko' er dels den vonde hugen til trollmannen eller trollkjerringa, dels noko konkret som ein kunne finne i skrotten på den som vart ute for trolldomen: kvasse pinnar, beinfliser i kjøtet og kuler (*ægagropili bezoar*) i innvollane

på krøtter, osv. Som døme vil det her vera på sin plass å nemne ein trylleformel som skriv seg omlag frå same tid som vår innskrift og som likeins er frå Bergen. I eit brev frå 8. februar 1325 fortel biskop Audfinn av Bergen om eit forhør han hadde haldi over trollkjerringa Ragnhild Tregagås. Her siterer han ein trylleformel som ho hadde brukt for å få løyst opp eit ekteskap. Formelen lyder slik:

*Ritt ek í frá mér
gønduls øndum.
Einn þér í bak bití.
Annarr í brjóst þér bití.
Þríði snúi uppá þik heimt ok øfund.*

«Eg sender ut frå meg 'gonduls' andar. Ein bite deg i ryggen. Ein annan i brystet deg bite. Ein tredje vende mot deg hat og ovund.»²⁶⁾

Nils Lid meiner at det her er tale om 'åndene' til ein liten gand, *gøndull* (m) og dei skal fara avstad og gjera vondt, på same måte som elles gand, finnskot osv.²⁷⁾. Eg trur likevel det kan vera tale om «valkyrja» *Gøndul*. På 1300-talet kan det godt tenkast at namnet kunne få genitivs -s, i staden for -ar, som det skulle ha i klassisk gno. Hennes 'ånder' var det då Ragnhild dreiv i frå seg. Vårt '*skag*' vil eg gjerne oppfatte som ein magisk 'sending' av same type.

Valkyrjer av denne typen ligg på eit heilt anna folkeleg og lågare plan enn dei to som Eyvindr Skáldaspillir fortel vart sende ut av Odin for å kære den kongen som skulle gjeste Valhall. Dei heitte òg *Gøndul* og *Skogul*. Dei sat til hest, væpna med spjut, skjold og hjelm, og Skogul blir til og med kalla *in ríkja*, den mektige, gjæve. Vår valkyrje derimot er skadeleg og meinvis; og i Helgediktet er ordet *valkyrje* brukt som skjellsord, og ho er både skadeleg, atal og fæl. Eg trur dessutan at den siste valkyrja ikkje var '*svevis*' som handskriftet har, men *lævis*, som vår valkyrje (Fig. 10 c).

Ordet *svevis* i Codex Regius har vori vanskeleg å tolke for kommentatorane. Men med vår tekst framfor seg vil det vera freistande også her

å tenke seg ei feillesing av forelegget, som kan ha hatt *lævis*. Feillesinga er lett å forklare grafisk ved at *l* er lesen som lang *s* (*l*) og ligaturen *æ* er oppfatta som *ve*. Dette har skrivaren så mykje lettare kunna gjera fordi han var van med å skrive *ē* for *æ*-lyden. Dei andre stadene *lævis* finst i handskriftet er det skrivi *lēvis(i)*.²⁸) Det er likevel ein hake ved denne rettinga og det er at allitterasjonen i siste lineparet blir borte. Ein må vel då tenke seg at *sakar* i siste line også var feil for eit ord som byrjar med *l*, og at anten *svevis* eller *sakar* var lesi feil og at det andre deretter var retta for å få til allitterasjon. Ein kunne her tenke på *lokur* eller *lokkur*, av *lok(k)a*, eit femininumord vi kjenner i samansetninga *vardlok(k)a* som namn på ein tryllesong som ei ung jente på Grønland, Gudrid, song i den berømte scenen i Eirik Raudes saga der volva Torbjørg blir skildra så nøye medan ho driv sine kunster. Det same ordet *lok(k)a* finst visstnok òg i samansetninga dat. pl. *langlokum* brukt som namn på eit særskilt slags versemål. Dessutan har vi det i ein noko uklar samanheng i diktet Gró-galdr. Men i alle desse tilfella ser det ut til å ha noko med dikt og vers å gjera. I Helgediktet vil det difor vera freistande å lesa:

*Mundu einherjar
allir berjast,
lævis kona,
um lokur þínar.*

«alle einherjar måtte slåss, meinvise kone, på grunn av dine galdrar.» Ei feillesing *sakar* for *lokur* er vel ikkje så lett å forstå som dei andre feillesingane vi har sett på, men er det tale om ei medviten retting er det ikkje urimeleg.²⁹)

I framhaldet av innskrifta er det nokre passasjer som er vanskelege å tolke. **ekseaper** kan vel lesast på fleire måtar, men eg har valt å sjå det som ein parallell til **eksender:per** det vil seia eg deler det opp i **ek sea per**. Predikatet **sea** skulle då vera 1. pers. indikativ, presens av eit a-verbum som kunne parallelliserast med *senda*. Eg har då tenkt meg eit *síða* som då vil vera ein variant til dei to kjende ia-verba, *síða* og *seiða*, og til det

sterke verbet *síða*. Omgrepa *seid* og *sending* er nokså parallelle og høyrer til same krinsen som vi har vori borte i i samband med '*skag*' og *gand*. Dei to setningane høver godt saman: «Eg sender på deg, eg seider på deg».

Det som skal sendast og seidast er *ylgjar ergi ok úþola*, «ulvetispas argskap og utole». Kva som direkte er meint med *ylgjar ergi* er eg ikkje heilt sikker på, men det heng vel i hop med førestellingane om *hamhleypa*, *fara í hamförum* o. l., altså det å fara i dyreham, bli varulv. Det er vel meininga at den som galderen siktar til skal få li alt det vonde som følgjer med *hamremi*, det å vera *hamramr*. Omgrepa *ergi* og *úþoli* kjenner vi att frå Edda-diktet Skírnismál 36:

*Þurs rist ek þér
ok þrjá stafi
ergi ok æði
ok úþola,*

«Þurs (þ-runa) rister eg mot deg, og tre stavar: argskap (utuktig lyst) og galskap (omlag det same som *ergi*) og utolig pine.»

Det er Skirne som trugar med dette dersom Gerd ikkje vil gjera som han og Frøy vil. Noko tidlegare i galderen sin brukar han òg *úþoli* saman med andre fæle omgrep. *Ergi* og *úþoli* er tydelegvis ord som er gode å ta til når ein skal laga ei våbøn. Til same gruppe ord må **ioluns: moþ** reknast. '*iolun*' kjenner vi att frå den eine drottkvætt-strofen og vi veit ikkje kva det tyder. Det er freistande å gjera den enkle rettinga til *jötun* og samanlikne med samansetninga *jötunnmóðr* som vi kjenner frå Hávamál og Grøttasǫngr. Men sidan vi har to døme på dette '*iolun*' bør ein vel gå ut ifrå at ordet eksisterte. Vi kunne vel då sette det i samband med '*ioll*' i Lokasenna 3. Før Loke går inn i Æges hall seier han:

*'ioll' ok 'áfo'
færi ek ása sonum,
ok blend ek þeim svá meini mjǫð.*

«'*ioll*' og '*áfo*' fører eg til gudane, og blandar på den måten mjøden for dei med mein.» I neste strofe, som er ein parallell står det *hrópi ok rógi*

som b e tyder baktaling, bakvasking, strid. Det er her tale om vonde ynskje, og det ligg *mein* i omgrepet 'ioll', og det same ventar vi ligg attom 'iolun'  g.

Siste del av innskrifta er ei rekke med latinfarga ord utan meining. Slike ord er kjende fr  ei mengd trylleformularar fr  vidt skilde tider. Dei blir vanleg kalla *efesia grammata* etter dei orda som prestinnene ved oraklet i Efesus brukte ved sine sp domar.

I ei s  vidt sein innskrift kunne ein vente ein del seine trekk i spr ket. Eg skal ikkje g  noko n rare inn p  dette, berre peike p  den analoge forma **ek sender** for *ek sendi* og dativen i **aper:rini**, der ein ville vente akkusativ. Elles kan ein merke seg uvanlege skrivem tar for spirantane *f* og *v* og for vokallydane *æ* og *ei*.

F r Bergens-innskriftene kom for dagen kjende vi, fr  same tidbolken, to innskrifter som inneheldt metriske tekster i Edda-versem l, den eine p  ein pinne fr   rdal kyrkje i Sogn,³⁰⁾ og den andre p  eit suppebein funni i bygrunnen i Trondheim.³¹⁾ Fr   l kyrkje kjende vi ein liten kvidling i det same versem let som det norske runediktet.³²⁾ Fr  Urnes kyrkje hadde vi ein kvidling i eit slags drottkv tt,³³⁾ og endeleg fr  Vinje kyrkje ein hel strofe i drottkv tt, som kan daterast til 1194.³⁴⁾ Elles fanst det nok ogs  tekster med till p til vers, men det er berre desse fem som er verde   nemne. No har vi d , i tillegg til desse, to heile strofer, ein heil halvstrofe og brotstykke av fire heile strofer i skalde-versem l, forutan nokre kvidlingar. Av innskrifter med tilknytning til Edda-diktinga har vi i alle fall tre. I tid er desse metriske innskriftene fordelte utover to hundre  r, fr  tida noko f r 1200 til bort imot 1400. Dei viser at drottkv tt-diktinga var fullt levande ved midten av 1300-talet, at ljodah tt-versem let var levande omkring 1300 og at det bort imot 1400 kunne brukast ein galder med ein serie tilknytningar til Edda-diktinga. Dette m  f  konsekvensar for v r oppfatning av litteraturhistoria i Noreg i h gmellomalderen, og for synet v rt p  kor p litande

den munnlege tradisjonen er. Tekstene viser at det har vori eit miljø for alliterasjonsdiktning til langt ut på 1300-talet. Dette er altså ikkje eit sær- islandsk fenomen, og eg trur ein må rekne med at Noreg og Island og vesterhavssøyane i det heile, i større grad enn vi hittil har rekna med, har hatt eit sams litterært miljø eit godt stykke utover i mellomalderen.

Norskehavet og Nordsjøen må ha vori mykje trafikert og for eit inn- landshav å rekne i denne kulturkrinsen. Når det gjeld Islands rolle i den norrøne bokheimen må vi kanskje i mindre grad rekne med at landet hadde ei eineståande stilling når det galdt diktning, og heller legge meir vekt på den innsatsen islendingane gjorde for at den gamle vestnordiske alliterasjonsdiktninga kunne bli bevart.

Det inntrykket ein sit att med etter dette oversynet er at folk i det mellomalderlege Bergen, trass i det framande innslaget og impulsane utanfrå, og trass i dei nære tilknytningane til Europa elles, stod djupt rot- feste i den gamle norske kulturen.

NOTER

- 1) Særskilt teikn for binderuner er av prentetekniske grunnar ikkje brukt i transkripsjonane.
- 2) Jfr. A. Janzen i N. K. 7 1949, s. 66 f.
- 3) Ved Bárds sum står **uihi** på sida «over» runene.
- 4) Tolkinga av dette ordet er sett fram av førstearkivar Lars Hamre.
- 5) Jfr. Nyg. § 280 og Heusler: Altisländ. Elem.buch § 532.
- 6) I det lågare feltet innafor ramma har det vori støypt inn eit tynt lag voks, som ein kunne skrive i med ei nål. Fleire slike plater vart hefte saman til ei bok. Ei heil slik bok er funnen under golvet i Hopperstad kyrkje i Sogn. (C-13270) Liknande vokstavler, og skrivenåler, er funne i Novgorod. A. F. Medvedjev: Drevnerusskije pisala X – XV vv. i Sovjetskaja Archeologija nr. 2. 1960.
- 7) Vi kallar alfabetet *fupark* endå den fjerde runa, *a*, i mellomalderen var gått over til *o*.
- 8) Sjå elles Magnus Olsens utgreiing i NlyR IV s. 173 ff. – I vår innskrift kan dei fleste –*mistill*– *mistel-* *tein*; *pistill* – epistel, brev; *kistill* – lita kiste; *ristill* – skjær på plog; *gestill* – sjøkongenamn (liten gest); *bestill* – tilnamn (vel ei avleiing av bast).
- 9) Adolph Franz: Die Kirchlichen Benediktionen im Mittelalter. II B. s. 198 ff.

- 10) Skrivemåten *sp* for *st* kunne kanskje tyde på trykksvak fyrsteled og dermed slappare uttale, Jfr. skrivemåten *lerþal* for Lærdal (NIyR IV s. 90). Stavanger har no trykk på siste staving, og dette tykkjast vera gamalt. Jfr. Seip. Sp.h.² s. 107.
- 11) Om imperativen *gakk*, jfr. note 5, her er konstruksjonen enno friare.
- 12) Kap. 4. (s. 7 i Ungers utg., s. 5 i Holm-Olsens utg.)
- 13) Hægstad: Vestnorske Maalføre fyre 1350. II Till. (1935) s. 119.
- 14) Krause og Helgason har ei noko anna oppfatning av *festi*. MM 62 s. 102 og 105.
- 15) Danmarks Runeindskrifter, pl. 677–78.
- 16) NGL II s. 166 og 267.
- 17) Edda, Finnur Jónssons utg. s. 36.
- 18) Heimskringla. Finnur Jónssons utg. III s. 498. Skj.: IA s. 432, B s. 402.
- 19) Hálf saga, Sagabibl. 14, s. 128.
- 20) Og framhaldet kunne ein kanskje forstå som: »Ingen stad (*yfir né undir*) gjorde det meg noko, allstad (*um ok at*)— — —.«
- 21) Snorres Skaldskaparmál, Finnur Jónssons utg. s. 69. – Om denne segna og om seyðir har Anne Holtsmark skrivi i ei avhandling om »Idun og Tjatse i Haustlǫng«. Studier i norrøn diktning, s. 96 ff (om seyðir s. 144 ff). Avh. vart fyrst trykt i Arkiv LXIV. – Det er mogeleg at den tydinga av sot som *ri m* (gno. *hrím*) har, kan koma av ei påverking frå ordet *lm*. Elles vil det føre for langt å drøfte tilhøve omkring namna Andhrímnir, Eldhrímnir og Sæhrímnir.
- 22) A. Chr. Bang: Norske Hexeformularer og magiske Opskrifter, (1901–02) nr. 41, s. 21.
- 23) Bang, nr. 198.
- 24) Bjargrúnar skaltu kunna ef þú bjarga vilt ok leysa kind frá konu. – »Bergingsruner skal du kunne om det er så du vil berge og løyse barn frá kone.« Sigrdr. 9.
- 25) Qlrunar skaltu kunna ef þú vilt annars kvæn vélit þik i trygð, ef þú trúir; á horni skal þær rista ok á handar baki ok merkja á nagli nauð. – »Qlruner skal du kunne om du vil at annan manns kone ikkje skal svike deg i trygd. Du skal riste dei på horn og på handbaken og på nagelen skriv du runa n(aud).« Sigrdr. 7.
- 26) Diplomatarium Norvegicum IX, s. 113.
- 27) Nils Lid: Folketru, N. K. 19, s. 39.
- 28) Ei slik feillesing kan ha litt å seia for vurderinga av spørsmålet om norsk forelegg for Codex Regius.
- 29) I Maat og Minne 1916 har Magnus Olsen ei utgreiing om ordet *vardlokur*, men kjem til eit anna resultat med omsyn til tyding.
- 30) NIyR IV s. 126 ff.
- 31) NIyR V s. 26 ff.
- 32) NIyR II s. 119, 346.
- 33) NIyR IV s. 100 ff.
- 34) NIyR II s. 268 ff, V s. 263.

Aslak Liestøl

SUMMARY

The present paper is a preliminary report on more than 400 runic inscriptions now brought to light by the present excavations in the old town of Bergen. Only a characteristic extract could be mentioned. A considerable group, in direct connection with enterprises in this commercial town, is formed by the more than 80 “labels” – pieces of wood of varying types (Fig. 2) – carrying owners’ names. A few inscriptions directly concern exchange of money, and there are also examples of runic missives, one of which illustrates the decline of Norwegian trading in Bergen around 1300 AD. – Magic is well represented in the material by runic alphabets (futharks), cryptic inscriptions (Fig. 5–7), charms, incantations etc. . Amulets with latin inscriptions are also common. – A little group of inscriptions is of special interest, as they give small intimate glimpses of daily life in the town, mostly concerning different phases of relationship between man and woman. Some of these texts are versified, and the main part of the paper is dedicated to them and other metrical inscriptions. Two complete and fragments of four 8-lined stanzas in well known scaldic metres are discussed, together with some texts containing Edda-type poetry. These texts, which date from the 12. up to the late part of the 14. century, show that in Norway at that time there still was a milieu for alliteration-poetry.